

## **F- 015/19 Vedtak:**

### **TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAP TIL KOMMUNESTYRE: Samrøystes**

Etne kommune opprettar eit fond til «Forskottering av spelemidlar» med oppstarts-kapital på to millionar. Midlane vert henta frå kapitalfond (Art 2539900). Fondet skal styrkast med ytterlegare to millionar når kommunen mottek allereie uteståande spelemidlar, til totalt fire millionar.

#### Retningslinjer forskottering av spelemidlar

1. Føremålet med fondet er å forskottera spelemiddeltilskot til lag og organisasjonar som bygger eller rehabiliterer ordinære idrettsanlegg, friluftsanlegg, nærmiljøanlegg eller kulturbygg i Etne kommune.
2. Forskottering kan innvilgast til ikkje-kommunale anlegg
3. Det kan utbetalast forskott på maksimalt 85% av godkjend søknadssum.
4. Ordninga er søknadspliktig. Søknadsfrist 1. september.
5. Søknaden blir behandla administrativt av Kultureininga for søknadsbeløp på inntil 1 million kroner og innafor tilgjengelege midlar på fondet. Enkeltøknader på forskot over 1 million kroner eller samla utbetalningar som vil overskrida tilgjengelege midlar på fondet, skal behandlast politisk.
6. Forskotterings-ordninga er ei rentefri låneordning. Før utbetaling av spelemiddelforskot skal det skrivast ein eigen låneavtale mellom søker/anleggseigar og Etne kommune.
7. Utbetalte spelemidlar frå Hordaland fylkeskommune til Etne kommune, skal tilførast fondet. Ved utbetaling skal Etne kommune trekka frå forskottert beløp, og utbetala eventuelt restbeløp til anleggseigar same år.
8. Storleiken på anleggsfondet, retningslinjene og låneavtalen skal gjennomgåast og vurderast på nytt av administrasjonen og Kommunestyret innan juni 2021.

Låneavtalen mellom søker/anleggseigar og Etne kommune skal regulerast slik:

- A. Låntakar/anleggseigar pliktar å fornya spelemiddelsøknaden kvart år inntil utbetaling av spelemidlar er utført.
- B. Låntakar/anleggseigar skal føra rekneskap i tråd med dei retningslinjene som er fastsette av departementet og følgjer vilkåra som elles gjeld for Spelemiddelordninga.
- C. Låntakar/anleggseigar skal sørgja for at anlegget blir ferdigstilt så raskt som mogeleg og seinast i tildelingsåret for spelemidlar.
- D. For anlegg som ikkje blir ferdige innan fastsett frist, kan forskoterte midlar bli kravd tilbakebetalt. Dersom utbetalt tilskot blir mindre enn forskotert beløp, er låntakar/anleggseigar ansvarleg for tilbakebetaling av det overskytande forskoterte beløpet.
- E. Ved brot på vilkåra i låneavtalen, forfeill heile den forskoterte summen til betaling.